

10-åringen frå Sandsli i Fana som laurdag vart meldt sakna var på veg til Uskedalen på sykkel!

Her ville han besøke bestefaren sin for å fiska og sjå nokre nyfødte lam sjølv om foreldra hadde sagt at det ikkje vart nokon Uskedalstur denne helga.. Men han nådde ikkje siste ferge fra Gjermundshamn og ringte heim frå et hus ved fergeleiet. Dermed kunne ettersøkjingsaksjonen avblåsast.

10-åringen forsvann heimafrå klokka 11 og vart sist sett syklande.. Han hadde faren sin sykkel, som var så stor for han at han ikkje nådde ned på pedalane frå setet. Nokre tok kontakt med bestemora, som igjen varsla foreldra og politiet

Laurdag ettermiddag vart det sett i gang leiteaskjon med mannskaper både fra politiet og Røde Kors. Men operasjonsleder Per Stiegler ved Hordaland politidistrikt opplyser til bt.no at dei leitte for langt nord i fylket.

Guten hadde drege mot sør – rett ombod i ferga frå Hatvik til Vengjaneset. Han hadde pengar, men mannskapet tok ikkje betaling av den vesle guten med sykkel. Etter å ha sykla fram til Gjermundshamn og brukt innpå 12 timar måtte han skuffa sjå at siste ferga hadde gått på grunn av pinseruta.

Faren seier at det ante foreldra at 10-åringen hadde teke saka i sine egne hender og sett kursen mot Uskedalen, for han hadde gjort det klart tidlegare på dagen at han tenkte seg til bestefaren. Men dei vart bekymra når det gjekk så lang tid utan at dei hørte noko. Ikkje minst vat dei redde då det tok til å bli mørkt ved 21-tida. Han hadde berre t-skjorte. Mobilen låg att i senga. Mora var med og leitte ved fergeleiet på Hatvik, men gutten hadde vorte med ferga vidare og leitinga heldt fram..

10-åringen gav uttrykk for at han var litt sliten i beina etter å ha sykla rundt åtte mil.

Av Ola Matti Mathisen